



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/7598 - 22/58884

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
02.08.2022

## Vedtak til klagevurdering - dispensasjon veg til hytte gbnr 466/9 Brattaule

**Tiltak:** etablering av tilkomstveg  
**Byggjestad:** Gbnr: 466/9  
**Tiltakshavar:** Karl Fredrik Sjursen  
**Ansvarleg søkjar:** Ahda AS

Saka gjeld søknad om oppføring av veg med parkering til hytte på gbnr 466/9 Brattaule.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNFR-spreidd føremål framtidig bustad. Men sidan tiltaket er veg til hytte så krev det dispensasjon frå LNFR-føremål.



### Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 01.08.22, der følgjande vedtak vart fatta:

**Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplanen for Radøy for oppføring av tilkomstveg til hytte med parkeringsplassar og snuhammar. Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 19-2.**

Det vert gjeve løyve for oppføring av veg med parkeringsplassar og snuhammar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 21.06.21 motteke 17.01.22 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaka skal utformast i tråd med vilkår i omdisponeringsløyve av 11.05.22 i sak 22/3457.
3. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg fylkesveg 565 via privat veg. Veg og avkøyrsløye skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 23.07.21.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av vegtilkomst på ca. 150 meter til hytte på gbnr 466/9 med snuhammar og parkeringsplassar. Veg går over gbnr 465/5,6 og 7. Tiltakshavar har rett til å nytte privat felles veg og føre sin veg på anna manns grunn.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføreomål LNFR-område i kommunedelplan for Radøy.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no) eller på telefon 56171423.

#### Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg:

**Vedlegg:**

Løyve etter jordlova til omdisponering på av jordbruksareal for vegtilkomst til hytte- gbnr 466/9 Brattetaule  
Løyve etter jordlova til omdisponering på av jordbruksareal på gbnr 466/6 for vegtilkomst til hytte- gbnr 466/9 Brattetaule  
Løyve til oppføring av tilkomstveg med parkeringsplassar med dispensasjon - gbnr 466/9 Brattaule  
9 Situasjonsplan  
11 Tegning eksisterende snitt -Vegplan V01  
12 Tegning ny plan\_3,1 A3\_Vegplan V01  
13 Tegning nytt snitt 3,1 A3\_Vegplan V01  
19 3,2Snuplass\_etter tilbakefylling01  
20 Snuplass\_etter tilbakefylling02  
21 3,4 Veg i terreng 01  
22 3,5 Veg i terreng 02  
23 3,6 Veg i terreng 03  
24 3,7 Veg i terreng 04  
25 3,8 Veg i terreng 05  
Søknad om tillatelse i ett trinn - etablering av ny veg - gbnr 466/9 Brattetaule  
8 Kommentar nabomerknader\_4,2 Signert avtale MB  
5 Kvittering nabovarsel  
6 Svar på nabovarsel  
10 Vegplan V01  
4 Dispensasjonssøknad  
7 Kommentar nabomerknader 4,1 Signert avtale KHW  
14 Erklæring om ansvarsrett - utførelse\_UINNMA\_913864344\_SH OPPMÅLING AS  
15 Erklæring om ansvarsrett - Prosjektering\_PVUTEAR\_913864344\_SH OPPMÅLING AS  
16 Erklæring om ansvarsrett - utførelse\_UVEGRU\_969914506\_ARVE ØYSTEIN MJØS  
17 Løyve - Søknad om utvida bruk av avkøyrslø - fv. 565 - gnr 466 bnr 9.  
18 korrigerert Løyve - Søknad om utvida bruk av avkøyrslø - fv. 565 - gnr 466 bnr 9  
29 Gjennomføringsplan  
30 Vedleggsopplysninger  
31 Opplysninger gitt i nabovarsel

**Kopi til:**

Ahda AS	Postboks 220	6821	SANDANE
Karl Fredrik Sjursen	VARDEVEIEN 7A	1363	HØVIK

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Øystein Frotaule	Slettevegen 108	5936	Manger